



Stig Atle Eide  
Orrestein 27  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1908 - 19/27117

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:  
10.09.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/304 Isdal

Tiltak: garasje med takterrasse  
Byggjestad: Gbnr: 185/304  
Tiltakshavar: Stig Atle Eide

Kommunen stadfestar å ha motteke søknaden din den 24.06.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Dispensasjonssøknad

Du må søka om dispensasjon frå tomteutnytting i reguleringsplan for Juvikstølen.

TU= % BRA (bruksareal) av tomtearealet.

Tillaten TU i Juvikstølen er 30 for enkelttomter. Det er gitt mange dispensasjonar.

Det vart sett i gang ei planendring, men planen vart aldri endra til større TU.

### § 3 BYGGJEOMRÅDE

#### 3.1 Bustader

- 3.1.1. Områda skal nyttast til bustader med tilhøyrande anlegg.
- 3.1.2. Bygningane skal utførast som småhus, her definert som einebustader, vertikaldelte tomannsbustader eller rekkjehus / kjedehus.
- 3.1.3. Tilleten tomteutnytting TU, rekna som bruksareal i prosent av tomtearealet, er 30 % for enkelttomtar, 40% for utbyggingsfelt.
- 3.1.4. Minste uteopphaldsareal pr. bueining (MUA) skal vera 150 m<sup>2</sup>, av dette minst 50 m<sup>2</sup> på eigen grunn ved inngang.
- 3.1.5. Det tilhøva ligg til rette kan einebustader eller tomannsbustader også delast horisontalt.
- 3.1.6. Tomtar og felt skal utbyggjast slik at støybelastninga på bustadene ikkje vert høgare enn planleggingsmålet i Miljøverndepartementets retningslinjer.

Vi krev ikkje ny nabovarsling av dispensasjonssøknad.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

**Avstand til nabogrensa**

Garasjen er eit tilbygg til bustadhuset, og plan- og bygningslova krev at det skal vera 4 meter til nabogrensa. Dette kan fråvikast dersom nabo gjev skriftleg samtykke. Det vil vera krav til brannsikring mot nabohuset og mot utleigehusvære i eige hus.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Rettleiar dispensasjon  
naboerklering skjema vnr 20160203

**Kopi til:**

Stig Atle Eide	Orrestein 27	5916	ISDALSTØ
----------------	--------------	------	----------

**Mottakarar:**

Stig Atle Eide	Orrestein 27	5916	ISDALSTØ
----------------	--------------	------	----------